

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Møtestad: Sørre Hemsing, Vang

Dato: 06.04.2018

Tidspunkt: 10:30 – 13:00. Dialogmøte 13:00 – 14:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	
Aleksander Øren Heen	Medlem	
Sandra Opheim	Medlem	
Leif Solemsli	Medlem	
Kjersti Bjørnstad	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Bjarne Eiolf Holø	MEDL	
Iselin Jonassen	NESTL	

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Anne-Lise Marstein (via Skype)	Bjarne Eiolf Holø	

Merknader

Svein Blankenborg var innkalla, men hadde ikkje høve til å møte som vara for Iselin Jonassen
Etter styremøtet var det eit dialogmøte om redningstenesta med Røde Kors og politiet i Valdres

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Magnus Snøtun	Nasjonalparkforvaltar
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar (via Skype)
Rigmor Solem	SNO

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Ivar Kvalen (sign.)

Kjersti Bjørnstad (sign.)

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 9/2018	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 10/2018	Referatsaker		
RS	Referat frå møte 20.3.2018 ang. området ved Gjendeosen - Vågå		2016/8336
ST 11/2018	Delegerte vedtak		
4/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018-2021 - Vedhogst ved Gjendebu - Gjendebu Turisthytte v/ Lars Åge Hilde		2018/1552
5/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Filming med drone ved Stetind - Visit Jotunheimen		2018/1660
6/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Utskifting av sperregjerde og rydding av vegetasjon i Veslådalen - Storådalen Beitelag		2018/1710
7/2018	Gjendebåten - søknad om dispensasjon for bruk av snøskuter i samband med vedlikehald på brygga i Memurubu		2018/1285
8/2018	Delegert vedtak - forlenging av tidlegare gitt dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Motorferdsel 2018-2020 - Bruk av båt og snøskuter på Gjende for overvåking av store innsjøer - NINA v/Knut Andreas Eikland Bækkelie		2018/1246
9/2018	Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Lågtflyging i samband med totaltelling av villrein - Vest-Jotunheimen villreinutval		2018/1331
10/2018	Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Dronefilming Høgruta i Jotunheimen - Fri Flyt		2018/1561
11/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Bruk av snøskuter for frakt av materialar og saltstein - Storådalen beitelag		2018/1576
ST 12/2018	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidler og bestillingsdialog med Statens naturoppsyn - Prioritering av tiltak - 2018		2017/6959
ST 13/2018	Høyring - Kommunal- og moderniseringsdepartementet - Desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunene - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen		2018/1852
ST 14/2018	Sak - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Utviding av tall deltakere og dronefilming - Xreid Norway		2017/6733
ST 15/2018	Eventuelt		

ST 9/2018 Godkjenning av protokoll/innkalling

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 06.04.2018

Vedtak

Møteinnkalling og protokoll godkjent.

Ettersendt sak om dispensasjonssøknad frå Xreid vart godkjent sett opp til behandling. Den får saksnummer 14/2018, og Eventuelt blir da sak 15/2018.

Kjersti Bjørnstad vart vald til å skrive under protokollen saman med leiar.

ST 10/2018 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 06.04.2018

Vedtak

Styret fekk ei oppdatering av status – møterefereat frå Vågå kommune ang. Gjendeosen.

Referatsak teken til orientering.

Referat frå møte 20.3.2018 ang. området ved Gjendeosen - Vågå 2016/8336

ST 11/2018 Delegerte vedtak

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 06.04.2018

Vedtak

Delegerte vedtak tekne til orientering.

Det er ønskjeleg at overskrifta viser om det er løyve eller avslag. Ved avslag blir dette ordet teke inn i overskrifta.

4/2018 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018-2021 - Vedhogst ved Gjendebu - Gjendebu Turisthytte v/ Lars Åge Hilde 2018/1552

5/2018 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Filming med drone ved Stetind - Visit Jotunheimen 2018/1660

6/2018 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Utskifting av sperregjerde og rydding av vegetasjon i Veslådalen - Storådalen Beitelag 2018/1710

7/2018 Gjendebåten - søknad om dispensasjon for bruk av snøskuter i samband med vedlikehold på brygga i Memurubu 2018/1285

8/2018 Delegert vedtak - forlenging av tidlegare gitt dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Motorferdsel 2018-2020 - Bruk av båt og snøskuter på Gjende for overvåking av store innsjøer - NINA v/Knut Andreas Eikland Bækkelie 2018/1246

9/2018 Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Lågtflyging i samband med totaltelling av villrein - Vest-Jotunheimen villreinutval 2018/1331

10/2018 Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Dronefilming Høgruta i Jotunheimen - Fri Flyt 2018/1561

11/2018 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Bruk av snøskuter for frakt av materialar og saltstein - Storådalen beitelag 2018/1576

ST 12/2018 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidler og bestillingsdialog med Statens naturoppsyn - Prioritering av tiltak - 2018

Innstilling frå forvaltar

1. Nasjonalparkstyret tek til orientering løyvingane til drift av styre og sekretariat, til arbeidet med forvaltningsplanen og pilotarbeid med implementering av merkevaren:

Drift av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	kr. 300 000
Drift av sekretariatet (ekskl. lønsutgifter)	kr. 168 000* * førebels tal
Arbeid med forvaltningsplan	kr. 100 000

2. Nasjonalparkstyret tek til orientering løyving for fullføring av pilot innfallspørt Sognefjellshytta etter oppdrag frå Miljødirektoratet: kr. 600.000
(inkl. overføring av unytta løyving på 500.000 frå 2017).

3. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioriterer midlane løyvd i bestillingsdialogen for 2018 slik:

A) Tiltak – økonomiansvar forvaltninga: Totalt 525.000 kr

Ny merkevare: Infopunkt Krossbu og Turtagrø, stiltak	220.000
Nye informasjonsplakatar Memurubu og Gjendebu	10.000
Vedlikehald og oppgradering av stignett, prioriterte behov etter slitasje og ferdselsbelastning	210.000
Barnas Naturoppsyn og mobil natursti	30.000
Forprosjekt Eidsbugarden – informasjonstiltak	30.000
Kundereise. Utvikle skilteksempel i Gaupne	15.000
Vedlikehald etablerte tiltak	10.000
Sum	525.000

B) Skjøtsel – økonomiansvar SNO: Totalt 500 000,-

Heimre Utladalen, slått og styrt beiting, kulturlandskap	330.000
Styving/risning av alm og lind i Utladalen	60.000
Krattrydding/vedlikehald Guridalen	30.000
Styrt beiting (storfe) i Gjendebuområdet	50.000
Vegetasjonsrydding Gjendebuområdet	10.000
Styrt beite ved Gjendebu (geit)	20.000
Sum	500.000

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 06.04.2018

Det vart stilt spørsmål om meir bruk av geit i skjøtsel. Rigmor Solem orienterte om beitebruken og kva som er mogleg å få til når det gjeld tilsyn og samarbeid med dei som har beitedyr.

Vedtak

4. Nasjonalparkstyret tek til orientering løyvingane til drift av styre og sekretariat, til arbeidet med forvaltningsplanen og pilotarbeid med implementering av merkevaren:

Drift av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	kr. 300 000
Drift av sekretariatet (ekskl. lønsutgifter)	kr. 168 000* * førebels tal
Arbeid med forvaltningsplan	kr. 100 000

5. Nasjonalparkstyret tek til orientering løyving for fullføring av pilot innfallsport Sognefjellshytta etter oppdrag frå Miljødirektoratet: kr. 600.000
(inkl. overføring av unytta løyving på 500.000 frå 2017).

6. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioriterer midlane løyvud i bestillingsdialogen for 2018 slik:

A) Tiltak – økonomiansvar forvaltninga: Totalt 525.000 kr

Ny merkevare: Infopunkt Krossbu og Turtagrø, stiltak	220.000
Nye informasjonsplakatar Memurubu og Gjendebu	10.000
Vedlikehald og oppgradering av stignett, prioriterte behov etter slitasje og ferdselsbelastning	210.000
Barnas Naturoppsyn og mobil natursti	30.000
Forprosjekt Eidsbugarden – informasjonstiltak	30.000
Kundereise. Utvikle skilteksempel i Gaupne	15.000
Vedlikehald etablerte tiltak	10.000
Sum	525.000

B) Skjøtsel – økonomiansvar SNO: Totalt 500 000,-

Heimre Utladalen, slått og styrt beiting, kulturlandskap	330.000
Styving/rising av alm og lind i Utladalen	60.000
Krattrydding/vedlikehald Guridalen	30.000
Styrt beiting (storfe) i Gjendebuområdet	50.000
Vegetasjonsrydding Gjendebuområdet	10.000
Styrt beite ved Gjendebu (geit)	20.000
Sum	500.000

ST 13/2018 Høyring - Kommunal- og moderniseringsdepartementet - Desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunene - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Innstilling frå forvaltar

(Merk: Denne innstillinga med forslag til uttale er ei *foreløpig skisse*, som utgangspunkt for ein diskusjon i nasjonalparkstyret.)

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er skeptisk til å gjera omfattande strukturendringar utan ein god prosess som involverer berørte partar på ein god måte. Ekspertutvalet gjev sine tilrådingar ut frå eit oppdrag om at eit visst omfang oppgåver *skal* overførast, og ikkje ut frå ei open tilnærming der ein ser på kva oppgåver som ut frå ei fagleg

vurdering bør omfordelast. Ekspertutvalet har hatt svært kort tid på rapporten, og involveringa har vore svært mangelfull. Det er foreslått endringar som omhandlar nasjonalparkstyra direkta, men styra er likevel ikkje med på lista over høyringspartar. Dette illustrerer godt mangelen på forankring og involvering av berørte partar.

Nasjonalparkstyret viser til at dagens ordning med lokal forvaltning av nasjonalparker og andre større verneområde kom i stand for få år sidan, etter ein grundig prosess med forsøksordningar og evaluering – jf. Miljøverndepartementet sin budsjettproposisjon (Prop.1 S (2009-2010), der det vart konkludert med at «Lokal kunnskap erverva gjennom generasjonar sin bruk av natur vil og kunne bidra til å styrke forvaltninga av verneområda.» Denne lokalkunnskapen finst først og fremst i kommunane i og rundt nasjonalparkane.

Ut ifrå retningslinjene som legg til grunn at «oppgaver bør legges så nært innbyggerne som mulig» synest det lite logisk å flytte leiinga av nasjonalparkstyra til regionalt nivå, slik det er foreslått i rapporten. Dagens ordning med at nasjonalparkstyra konstituerer seg sjølve bør behaldast for å sikre sterk lokal forankring i forvaltninga.

Sekretariata for nasjonalparkstyra må sikrast gode fagnettverk innan naturkunnskap, og eit samordna system for administrativ og teknisk bistand for å kunne utføre arbeidsoppgåvene for styret på ein fagleg forsvarleg og kostnadseffektiv måte.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 06.04.2018

Kjersti Bjørnstad uttrykte seg positivt til tilrådinga frå Ekspertutvalget, og la fram eit alternativ forslag til uttale.

Aleksander Øren Heen meinte at ein også burde sett på ansvaret for tilsetting av forvaltar, og at ansvaret klart burde liggje til nasjonalparkstyret, og ikkje til Fylkesmannen. Er elles positiv til å leggje forvaltninga av alle verneområde til folkevald nivå.

Fleire meinte at ein også burde hatt ein dialog med andre nasjonalparkstyre, for å samordne ein uttale.

Vedtak

Saka utsett. Det blir på grunnlag av diskusjonen i møtet arbeid vidare med saka, gjennom e-postbehandling. Dei som har synspunkt gjev tilbakemelding innan 20. april. E-postar sendast til alle i styret og sekretariatet.

ST 14/2018 Sak - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Utviding av tall deltakere og dronofilmning - Xreid Norway

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel i § 3 pkt. 5.2 i verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, dispensasjon til utviding av talet på deltakarar på Xreid 2018 til 300. For vilkår elles sjå dispensasjon datert 29.11.2017.

Med heimel i § 4 i verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde og naturmangfaldlovas § 48, jf. § 77, får Xreid Norway dispensasjon for bruk av drone til filmning av arrangementet Xreid 2018. Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld for fredag 29.juni på Fannaråken.
- Administrasjonen kan utvide løyve til også å gjelde lokaliteten Vettisfossen dersom det ikkje blir registrert hekking av rovfugl i løpet av våren.
- Løyvet gjeld for inntil 1 time flyging per lokalitet
- Det skal haldast avstand til eventuelle turfolk som er i området, jf. Luftfartstilsynet sine retningsliner for droneflyging.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 06.04.2018

Aleksander Øren Heen meinte at ein snart måtte vurdere den stadig aukande ferdselen opp mot omsynet til villreinen i Vest-Jotunheimen. Det ser ut som om ein nærmar seg tålegrensen. Han fremma forslag om å avslå søknad om utvida deltakartal, men godta den avgrensa bruken av drone på dei vilkår som går fram av innstillinga.

Framlegg Aleksander Øren Heen:

Avslå utviding av tal deltakarar, men gje dispensasjon til bruk av drone slik som i innstillinga.

Anne Lise Marstein delte skepsisen om å stadig utvide aktiviteten i villreinområdet. Meinte også at vi burde diskutere felles praksis for fleire verneområde.

Framlegg Anne Lise Marstein:

Avslå utviding av tal deltakarar og avslå søknad om bruk av drone.

Første avstemming om framlegg frå Anne Lise Marstein:

1 for (Anne Lise Marstein)

5 mot

Andre avstemming mellom innstilling og framlegg frå Aleksander Øren Heen:

2 for innstilling (Ivar Kvalen og Leif Solemsli)

4 for framlegg til Aleksander Øren Heen - vedteke.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen avslår med heimel i § 3 pkt. 5.2 i verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde søknaden frå Xreid Norway om utviding av talet på deltakarar til 300. Det blir vist til dispensasjon datert 29.11.2017, som opnar for inntil 250 deltakarar i det planlagte løpet i 2018.

Med heimel i § 4 i verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde og naturmangfaldlovas § 48, jf. § 77, får Xreid Norway dispensasjon for bruk av drone til filming av arrangementet Xreid 2018. Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld for fredag 29.juni på Fannaråken.
- Administrasjonen kan utvide løyve til også å gjelde lokaliteten Vettisfossen dersom det ikkje blir registrert hekking av rovfugl i løpet av våren.
- Løyvet gjeld for inntil 1 time flyging per lokalitet
- Det skal haldast avstand til eventuelle turfolk som er i området, jf. Luftfartstilsynet sine retningsliner for droneflyging.

ST 15/2018 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 06.04.2018

Vedtak

Parkeringsforhold i Koldedalen

Leif Solemsli orienterte om dialogen som har vore mellom Vang og Årdal kommunar i denne saka. Vang kommune er viljug til å bidra med enkel opprusting av veg.

Magnus orienterte om formalitetar knytt til verneforskrifta. Ein kan ikkje leggje til rette for parkering inne på grustippen utan vidare, da det ikkje er heimel for å kunne kjøre innanfor bommen. Det må eventuelt takast politisk initiativ til ei forskriftsending om kommunane og nasjonalparkstyret vil gå vidare med denne løysing av saka.